

Bibliotekreform 2014 - høyringsuttale

Dokument i saka:

S Bibliotekreform 2014 - høyringsuttale

Vedlegg:

Felles høyringsuttale frå biblioteksjefane i Vest-Telemark

Fakta i saka:

I 2004 fekk Utdannings- og forskningsdepartementet (nå Kunnskapsdepartementet) i mandat å utgreie eit samla bibliotekfelt. Premissane for arbeidet kom fram i St.mld. nr.48 (2002 – 2003) Kulturpolitikk fram mot 2014.. ABM greidde ut saka på oppdrag frå departementa og kom med "Bibliotekreform 2014" 25.september 2006.

Utgreiinga er sendt på høyring med frist 01.05.2007.

Bibliotekreforma har tre hovudsatsingar:

1 – innhald og tenester.

Ei hovudsatsing er å utvikle og tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester, skape eit digitalt bibliotek som gir alle enkel tilgang til kunnskap og kultur. Bibliotekas ressursar for læring, kultur- og litteraturformidling og som bidragsytarar til integrering og kulturelt mangfald skal bli styrka.

2- struktur og organisering. (konsolidering/samanslåing)

Sentralt her er reform av bibliotekstrukturen. Fleire bibliotek i eit område skal bli samordna til eitt, nytt bibliotek – konsolidering av biblioteka.

3- kompetanse og forskning.

Satsinga her er å styrke og fornye kompetansen i biblioteksektoren, biblioteka skal ha brei og oppdatert kompetanse.

Det er gjort framlegg om 28 konkrete tiltak, eitt av dei er konsolidering. Vidare er det foreslege statlege tilskot på ca. 300 millionar årleg i perioden 2008 – 2014. I tillegg er det venta at fylkeskommunane og kommunane aukar sine løyvingar.

Utgreiinga legg opp til eit større statleg ansvar for utviklinga av nasjonale bibliotektenester og generelt innanfor biblioteksektoren, også på folke- og skulebiblioteksektoren.

Vurdering:

Det er mange positive ting for bibliotekdrift i den nye bibliotekreforma, også for oss som er små. Likevel er det punkt i reformen som er verdt politisk diskusjon, for Vest-Telemark gjeld dette særleg punktet om konsolidering, samanslåing av bibliotek.

Kommentar/vurdering av dei tre hovudsatsingane:

1 - Innhald og tenester:

Reformen har mange gode tiltak for å betre dei digitale tenestene ved folkebiblioteka. I tillegg blir det lagt stor vekt på biblioteket som læringsarena, der ein skal få lettare og større tilgang til sentrale, digitaliserte kunnskapskjelder (leksika, ordbøker, tidsskrift og aviser). Det skal også vere større fokus på kultur- og litteraturformidling.

2 – struktur og organisering: (konsolidering/samanslåing)

Reformen legg opp til ei samanslåing av mindre bibliotek. Faktisk skal bibliotek med færre enn 6 – 8 tilsette konsoliderast i større einingar på tvers av kommunegrensar. Det vil seie at alle biblioteka i Vest-Telemark kjem inn under denne konsolideringstanken. Utgreiinga seier at det *vanlegvis* skal ha ei avdeling i kvar kommune, men utgreiinga seier ikkje noko om *kor stor denne avdelinga skal vere*.

Skrekksenariet for dei minste kommunane i Vest-Telemark, som Nissedal, vil vere om me endar opp med ei bokhylle på Spar. Då vil folkebiblioteket som møteplass vere ein saga blott. Ein mister også den nære og gode kontakten eit lite folkebibliotek har med sine lokale lånarar og deira lokale behov.

Biblioteka i Vest-Telemark har alt eit godt fungerande samarbeid mellom alle dei sju kommunane. Biblioteksjefane møtest regelmessig og har faste samarbeidssaker, mellom anna har me ein felles katalog, Aleph, me har felles lesestimulerande prosjekt og andre saker. Denne samarbeidsforma gjer at me føler oss godt førebudde på eit samarbeid, så sant kommunane får bevare sitt fysiske bibliotek. Debatten blir heller kvar ein eventuell hovudsentral/bibliotek skal ligge... Eller om ein i det heile treng ein fysisk hovudsentral/bibliotek. Kanskje kan biblioteka i Vest-Telemark organiserast annleis, der dagleg kontakt går på telefon og web.

Det er eigarane av folkebiblioteka, kommunane, som er ansvarlege for den økonomiske og praktiske gjennomføringa. Bibliotekreform 2014 føreset at staten yter prosjektmidlar og tilskot. Seinare driftsutgifter er ei felles kommunal oppgåve.

3 – kompetanse og forskning:

Reformen legg opp til strategiar som skal fornye og styrke den samla kompetansen i biblioteksektoren. Målet er ein høg, felles standard som er viktig for å løyse framtidas oppgåver og sikre brukarane lik kvalitet på bibliotektilbodet.

Bibliotekreform 2014 er eit utfordrande og tankevekkjande dokument som krev debatt. Det føreset også vilje til handling og til økonomiske løft også på lang sikt. I Vest-Telemark, som alt har eit samarbeid, stiller ein spørsmål om eit hierarki og kamp om å få det konsoliderte hovudbiblioteket vil vere betre enn eit forpliktande samarbeid med flat struktur.

Rådmannen si tilråding :

Rådmannen sluttar seg til høyringsuttala som er forfatta av biblioteksjefane i Vest-Telemark. Nissedal kommune ser positivt på dei fleste punkta i Bibliotekreform 2014, men krev at ved ei eventuell konsolidering, må kvar kommune ha eit fysisk bibliotek/avdeling.

Behandling i Formannskapet 29.03.2007:

Votering: Samrøystes som rådmannen si tilråding.

Vedtak i Formannskapet - 29.03.2007:

Rådmannen sluttar seg til høyringsuttala som er forfatta av biblioteksjefane i Vest-Telemark. Nissedal kommune ser positivt på dei fleste punkta i Bibliotekreform 2014, men krev at ved ei eventuell konsolidering, må kvar kommune ha eit fysisk bibliotek/avdeling.